

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutval i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Flora kommune

Utval: Kontrollutval - Flora kommune
Møtedato: 27.05.2013
Møtetid: 08:00
Stad: Møterom: Ytterøyane
Møtenr.: 6/2013
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen sakene 039-041/13. Leiar HSU sak 039/13.
Melding til: Ordførar(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

- Sak 037/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- Sak 038/13 Skriv og meldingar.
- Sak 039/13 Orientering – Tilbod teneste for brukar i Flora kommune.. **Ikkje offentleg.**
- Sak 040/13 Oppfølging av bystyrevedtak.
- Sak 041/13 Oversikt vakante stillingar Flora kommune.
- Sak 042/13 Oppfølgingsliste 6-2013 – Flora.
- Sak 043/13 Eventuelt.

Flora, 24.05.2013.

Bjarne Holme (s)
Leiar



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutval i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

037/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	037/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

038/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	038/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyre	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 33-13: E-postar om nettbrett, datert 23.05.2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Tveit Asgeir

Fra: Heggheim Terje <Terje.Heggheim@flora.kommune.no>
Sendt: 23. mai 2013 14:04
Til: Tveit Asgeir
Emne: SV: Nettbrett - kontrollutvalet

Bystyret og andre vil få tildelt nettbrett til hausten.
 theggheim

Fra: Tveit Asgeir [<mailto:Asgeir.Tveit@sekom.no>]

Sendt: 23. mai 2013 12:06

Til: Postmottak

Kopi: Solheim-Olsen Bengt; Heggheim Terje; 'Holme Bjarne (bjarne.holme@florafpr.no)'; 'Hovland Berit Karin (bho@lottstift.no)'; 'Jacobsen Einar (Einar.jacobsen@eninvest.net)'; 'Jansen Gunn (gjan@online.no)'; 'Mikalsen Bjørg (b-jmi@online.no)'; 'Myrvollen Ingvar T (sfj@hoyre.no)'; 'Richter Eva Irene (eva.richter@eninvest.net)'; 'Ryland Henning (heryland@online.no)'; 'Svanøe John Arvid (john.svanoe@hotmail.com)'

Emne: SV: Nettbrett - kontrollutvalet

Vi viser til epost av 4.3.2013 om Nettbrett til kontrollutvalet. Vi har ikkje fått svar på denne og ber om svar.

Med helsing

Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Hovedkontor: Postboks 338, 6802 FØRDE
 Kontor: Myrvollen, 6802 FØRDE
 Telefon: 57 82 22 90
 Mobil: 976 15 363
 E-post: asgeir.tveit@sekom.no
 Web: www.sekom.no

e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Twitter: @sgrtv

Fra: Tveit Asgeir

Sendt: 4. mars 2013 12:03

Til: 'Flora kommune (postmottak@flora.kommune.no)'

Kopi: 'Solheim-Olsen Bengt (bengt.solheim-olsen@flora.kommune.no)'; 'terje.heggheim@flora.kommune.no'; Holme Bjarne (bjarne.holme@florafpr.no); Hovland Berit Karin (bho@lottstift.no); Jacobsen Einar (Einar.jacobsen@eninvest.net); Jansen Gunn (gjan@online.no); Mikalsen Bjørg (b-jmi@online.no); Myrvollen Ingvar T (sfj@hoyre.no); Richter Eva Irene (eva.richter@eninvest.net); Ryland Henning (heryland@online.no); Svanøe John Arvid (john.svanoe@hotmail.com)

Emne: Nettbrett - kontrollutvalet

Kontrollutvalet tok i kontrollutvalsak 013/13 Nettbrett – kontrollutvalet opp sak om å ta i bruk nettbrett for kontrollutvalet. Kontrollutvalet gjorde følgende vedtak i saka:

- Kontrollutvalet ber om å få tildelt nettbrett på lik line med andre politiske utval.
- Kontrollutvalet ber om å få naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett.

Sekom sekretariat har installert dei program som ein må ha for at vi skal kunne ta i bruk løysinga med nettbrett, gitt at Flora kommune vel same løysing som dei andre Sunnfjordkommunane. Dette inkluderer verktøy til å lage, sende og ta imot dokument i det formatet som er påkravd ved bruk av nettbrett.

Ved innføring og bruk av nettbrett, bør kontrollutvalet også få innkallingar og/eller protokollar frå dei andre utvala tilsende, slik at dei kan lese desse på nettbrettet.

Ved innføring av nettbrett, bør det også liggje til rette for at ein ikkje sender ut dokument i papirformat.

Saka frå kontrollutvalet ligg ved.

Vi ber om at kontrollutvalet vert teken med i vurderinga kring kva politiske utval som skal få tildelt nettbrett.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Twitter: @sgrtv

039/13 TILBOD TENESTE FOR BRUKAR I FLORA KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 24.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	039/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune, datert 16.05.2013.
- Brev frå kontrollutvalet til Jakob Nødseth, datert 16.05.2013.
- Epostar mellom Sekom sekretariat og leiar i HSU.
- E-post frå Sekom sekretariat til Flora kommune vedr HSU-sak 031/13, datert 22.05.13.
- Oversendingsbrev frå Flora kommune til kontrollutvalet datert 23.05.2013. (Ikkje vedlagt)
- Framlegg til vedtak i HSUT sak 031/13 Vedtak om kommunale tenester, datert 22.05.2013. **Ikkje offentleg.** (Sendt i eiga sending til kontrollutvalsmedlemer).
- Saksframlegg og vedtak til sak 031/13 til HSU 22.05.2012 **Ikkje offentleg** (Sendt i eiga sending til kontrollutvalsmedlemer).

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 036/13 Eventuelt

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vart lagt fram utan tilråding..

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

TILBOD TENESTE FOR BRUKAR I FLORA KOMMUNE

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering om framgangen ved tildeling av kommunalt tenestetilbod for brukar..

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 13.05.2013 vart det under sak 036/13 Eventuelt av nestleiar i kontrollutvalet teke opp spørsmål om handtering av leiar i HSU sitt utspel der vedtak vedrørende ein tenestebukar vart overprøvd. Kontrollutvalet gjorde i møte vedtak om at dei vil ha rådmannen og leiar i HSU sin uttale i saka.

16.05.13 er det skrive brev til Flora kommune der kontrollutvalet ber rådmannen om ei skriftleg uttale i saka i forma av faktiske hendingar i saka og korleis ein ser på korleis handsaminga skulle vere opp mot lover og reglement, samt at dokument i saka vert lagde fram for kontrollutvalet. Rådmannen vart også orientert om at han vert kalla inn til kontrollutvalsmøtet i Flora 27.05.2013.

16.05.2013 er det skrive brev til leiar i Helse- og sosialutvalet der kontrollutvalet i korte trekk orienterer om bakgrunnen for at kontrollutvalet ynskjer å sjå på saka og der kontrollutvalet ber om leiar i HSU si skriftlege uttale i saka. Leiar i HSU vart også orientert om at han vert kalla inn til kontrollutvalsmøtet i Flora 27.05.2013.

Rådmannen vil leggje fram skriftleg uttale i møtet måndag 27.05.2013.

Leiar i HSU har uttalt at han ynskjer å leggje saka fram munnleg i møtet. Det er 23.05.2013 pr e-post igjen bedd om at leiar i HSU legg fram ei skriftleg uttale seinast i møtet måndag 27.05.2013.

Sekom sekretariat har fått tilsendt dokument vedrørende saka som vart handsama i HSU 22.05.2013. Desse dokumenta er ikkje offentlege.

Sekretariat si vurdering

Sekretariatet vurderer det slik at dette er innleiande informasjon i saka, og at det som kjem fram i møtet og i skriftlege uttale vil vere avgjerande for korleis saka vert handtert vidare. Sekretariatet vurderer det slik at vidare handtering evt. må vurderast opp mot det som er gjeldande retningslinjer og regelverk på området.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune

Førde, 16.05.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 177/13

Arkiv: Flora

VEDRØRANDE TILBOD TENESTEBRUKAR FLORA KOMMUNE

I kontrollutvalsmøte i Flora 13.05.2013 vart det under sak 036/13 Eventuelt av nestleiar i kontrollutvalet Ingvar T Myrvollen teke opp spørsmål om handtering av leiar i HSU sitt utspel der vedtak vedrørende ein tenestebukar vart overprøvd. Kontrollutvalet gjorde vedtak om å be om rådmannen og leiar i HSU sin uttale i saka.


Kontrollutvalet vart av administrasjonen i møtet 13.05.2013 i korte trekk orientert om saka.

Kontrollutvalet vurderer å sjå nærare på saka opp mot kva som er rett handsaming.

I denne omgang ber vi om at rådmannen gjev ein skriftleg uttale i saka i form av faktiske hendingar i saka og korleis ein ser på korleis handsaminga skulle vere opp mot lover og reglement, samt at dokument i saka vert lagde fram for kontrollutvalet. Rådmannen vil også bli kalla inn til kontrollutvalsmøtet i Flora 27.05.2013.

Innkalling til møtet vil bli sendt ut 22.05.2013.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

SEKOM er en samarbeidsorganisasjon mellom kommunene i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Leiar HSU Flora kommune
Jacob Nødseth

Førde, 16.05.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 176/13

Arkiv: Flora

VEDRØRANDE TILBOD TENESTEBRUKAR FLORA KOMMUNE

I kontrollutvalsmøte i Flora 13.05.2013 vart det under sak 036/13 Eventuelt av nestleiar i kontrollutvalet Ingvar T Myrvollen teke opp spørsmål om handtering av leiar i HSU sitt utspel der vedtak vedrørende ein tenestebukar vart overprøvd. Kontrollutvalet gjorde vedtak om å be om rådmannen og leiar i HSU sin uttale i saka.


Kontrollutvalet vart av administrasjonen i møtet 13.05.2013 i korte trekk orientert om følgjande:

- Administrasjonen har gjort vedtak om kommunalt tenestetilbod for ein brukar.
- Brukar skal ha klaga saka inn for fylkesmannen og bede om eit privat tilbod, og også bede om at klagen får oppsetjande verknad.
- Dette tilbodet vil koste kommunen meir enn om brukar nyttar det kommunale tilbodet.
- Fylkesmannen skal ha støtta kommunen i at klagen ikkje får oppsetjande verknad, og at brukaren derfor skal vere i kommunalt tenestetilbod inntil klagen er handsama.
- Leiar i HSU skal då ha gått inn i saka og bede om at brukar fekk tilbod om plass ved ein privat institusjon.
- Det har vore halde møte mellom leiar i HSU, foreldre, administrasjonen og dagleg leiar ved ein privat institusjon, utan at det administrative vedtaket vart omgjort.
- Leiar i HSU skal ha uttalt at han ville gå til pressa med saka om vedtaket ikkje vart endra.
- Rådmannen har så gjort om vedtaket, slik at brukar no er plassert ved den private institusjonen inntil klagesaka til Fylkesmannen er handsama.

Kontrollutvalet vurderer å sjå nærare på saka opp mot kva som er rett handsaming.

I denne omgong ber vi om leiar i HSU sin skriftlege uttale i saka. Leiar i HSU vil også bli kalla inn til kontrollutvalsmøtet i Flora 27.05.2013.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse
Postboks 338
6802 FØRDE

Kontoradresse
Hafstadvegen 21

E-post
post@sekom.no

Telefon
57 82 22 90 At
976 15 363 At
57 82 02 00 VØ
951 39 762 VØ

Telefaks
57 72 20 10

Org nr.
987 631 554

Bankgiro
3705.08.32571

Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 23. mai 2013 13:28
Til: 'Jacob Nødseth'
Kopi: 'Holme Bjarne (bjarne.holme@florafrp.no)'; 'Myrvollen Ingvar T (sfj@hoyre.no)'; 'Richter Eva Irene (eva.richter@enivest.net)'; 'Mikalsen Bjørg (b-jmi@online.no)'; 'Hovland Berit Karin (bho@lottstift.no)'
Emne: SV: Sakshandsaming vedr tenestetilbod brukar Flora kommune

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka og krev igjen å få lagt fram ei skriftleg utgreiing til kontrollutvalsmøtet måndag 27.05.2013. Vi viser til kml § 77 pkt 7 i kommunelova (sitat. «Kontrollutvalet kan hos kommunen eller fylkeskommunen, utan hinder av taushetsplikt, krevje enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument og foreta de undersøkelser som det finne nødvendig for å gjennomføre oppgavene. For kontrollutvalgets medlemmer og dets sekretariat gjelder forvaltningslovens alminnelige bestemmelser om taushetsplikt, jfr forvaltningsloven § 13 mv».

Du stiller spørsmål ved om kontrollutvalet kan krevje det same av ein politikar som det kan krevje av administrasjonen i kommunen. Vi viser her til kontrollutvalsboka som gjev nærare greie for kontrollutvalet si rolle og oppgåver og her definerer korleis «hos kommunen» skal tolkast. Vi siterer: «Kontrollutvalet er ansvarleg for kontroll og tilsyn med heile den kommunale verksemda. Kontroll- og tilsynsansvaret til kontrollutvalet er ikkje avgrensa til administrasjonen, men omfattar også formannskapet, andre politiske utval og ordføraren. Kontrollutvalet kan i prinsippet handsame eitkvart forhold ved verksemda til kommunen, så lenge det kan definerast som kontroll eller tilsyn».


Vi vurderer det slik at kontrollutvalet her også må kunne velje korleis dei vil ha lagt fram opplysningane.

Vi vil elles gjere merksame på at kontrollutvalet sitt mål i saka er å sikre at retningslinene som gjeld i tilsvarande saker som den konkrete saka det her er tale om vert haldne. Kontrollutvalet har ikkje som hovudmål å avgjere om den konkrete saka vart rett eller feil handsama. Det er for å sikre at retningslinene/reglane vert følgde på området i framtida som er poenget med å ta opp saka.

Vi ber om at den skriflege uttalen dykkar vert lagt fram seinast i møtet i kontrollutvalet måndag 27.05.2013.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Twitter: @sgrtv

Fra: Jacob Nødseth [mailto:jacob.nodseth@gmail.com]

Sendt: 22. mai 2013 17:10

Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 23. mai 2013 09:59
Til: 'terje.heggheim@flora.kommune.no'
Kopi: 'Schei Arne (Arne.Schei@flora.kommune.no)'; 'Holme Bjarne (bjarne.holme@florafrp.no)'; 'Myrvollen Ingvar T (sfj@hoyre.no)'; 'Richter Eva Irene (eva.richter@eninvest.net)'; 'Mikalsen Bjørg (b-jmi@online.no)'; 'Hovland Berit Karin (bho@lottstift.no)'; 'terje.forde@kryssrevisjon.no'; 'trine.vokuhl@kryssrevisjon.no'
Emne: SV: Sakshandsaming vedr tenestetilbod brukar Flora kommune

Vi viser til telefonsamtale mellom Arne Schei og Asgeir Tveit i dag 23.05.2013. Vi ber om å få tilsendt sakspapir/referat og vedtak for omtalte sak. Vi er inneforstått med at Flora kommune har ein regel om at ikkje-offentlege saker må sendast pr post, slik at vi tidlegast vil ha saka i hende i morgon.

Vi viser til kommunelova § 77 pkt 7 om kontrollutvalet sin rett til å krevje ei kvar opplysning utan hinder av teleplikt. Sjå nedanfor.

Vi viser også til epost frå leiar i HSU av 22.05.2013 om at kontrollutvalet bør be om å få møtetreferat vedrørende aktuell sak. Sjå nedanfor.

Denne eposten går med kopi til kontrollutvalsmedlemer og revisor.

Kml § 77. Kontrollutvalget

7. Kontrollutvalget kan hos kommunen eller fylkeskommunen, uten hinder av taushetsplikt, kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument og foreta de undersøkelser som det finner nødvendig for å gjennomføre oppgavene.

Fra: Jacob Nødseth [mailto:jacob.nodseth@gmail.com]

Sendt: 22. mai 2013 17:10

Til: Tveit Asgeir

Kopi: Holme Bjarne (bjarne.holme@florafrp.no); Myrvollen Ingvar T (sfj@hoyre.no); Richter Eva Irene (eva.richter@eninvest.net); Mikalsen Bjørg (b-jmi@online.no); Hovland Berit Karin (bho@lottstift.no); Førde Terje; Trine Vokuhl; Øvrebø Vidar

Emne: Sakshandsaming vedr tenestetilbod brukar Flora kommune

God dag,

Som nevnt tidligere vil jeg stille i kontrollutvalget og redegjøre for saken slik jeg ser den, samt svare på ev spørsmål. Derimot har jeg kapasitetsproblemer med å fremstille saken skriftlig av en slik kvalitet at notatene kan mangfoldiggjøres og ikke bare tjene som mine egne notater ved muntlig framleggelse.

Det kan trolig legges til grunn at kontrollutvalget kan kreve av rådmannen at han må fremstille sine saker for kontrollutvalget skriftlig.

Uten at jeg har lest meg opp på lov og forskrift om dette.

Helse- og sosialutvalget har i dag hatt møte der saken dette gjelder direkte har vært til behandling. Jeg vil oppfordre kontrollutvalget om å etterspørre referatet fra møte- og utvalgssekretariatet da jeg er sikker på at det vil være av interesse for kontrollutvalget.

Jacob Nødseth

Med helsing

SEKOM-sekretariat
 Sekretariat des des Bundesministeriums für Wirtschaft und Klimaschutz, 10117 Berlin, Unter den Eichen 87, 10117 Berlin, Deutschland
 Telefon: +49 30 1809-2200, Telefax: +49 30 1809-2201, E-Mail: sekom@bmi.bund.de

Twitter: @sgrtvt

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Twitter: @sgrtvt

Fra: Jacob Nødseth [<mailto:jacob.nodseth@gmail.com>]

Sendt: 16. mai 2013 14:16

Til: Tveit Asgeir

Kopi: Holme Bjarne (bjarne.holme@florafrp.no); Myrvollen Ingvar T (sfi@hoyre.no); Richter Eva Irene (eva.richter@eninvest.net); Mikalsen Bjørg (b-jmi@online.no) ; Hovland Berit Karin (bho@lottstift.no)

Emne: Re: Sakshandsaming vedr tenestetilbod brukar Flora kommune

Kontrollutvalget,

Jeg bekrefter med dette at jeg stiller i kontrollutvalget 27.05.13. Jeg har et nytt møte klokken 10.30, så det er fint om møtet kan tilpasses dette.

Jeg er beredt på å redegjøre for alle sider ved saken og min og andre politikeres håndtering av denne saken (såvidt jeg kjenner disse og slik jeg har opplevet disse), samt administrasjonens handlemåter. I møtet vil jeg redegjøre for det jeg mener er åpenbare brudd på kommuneloven. Det er således fint om kontrollutvalget er forberedt på å møte disse rettslige vurderingene jeg vil fremsette, av kompetent jurist som kan objektivt vurdere mine påstander.

Jeg ber om å så fort som mulig å få vite hvem det er som har fremsatt påstandene som fremkommer i brevet, da det bare er opplyst at de kommer fra "administrasjonen".

På grunn av tett eksamensplan, med eksamener i (treffende nok) kommunalrett ved UiB 21. mai, grunnleggende selskapsrett 29. mai (to dager etter møtet i kontrollutvalget) og nye eksamen 12. juni, så vil jeg ha vanskeligheter med å sende over en skriftlig orientering til møtet 27. mai.

Jeg ber om forståelse for dette og håper dette gjør at møtets lengde kan tilpasses, slik at jeg får sagt det jeg synes er viktig. Og at kontrollutvalget tilsvarende får mulighet til å stille de spørsmål kontrollutvalget mener er viktige. Og at jeg får gi svar på disse som er gode nok.

Med hilsen

Jacob Nødseth

telefon: 480 13 162, e-post: jacob.nodseth@gmail.com, twitter: @Nodseth

LinkedIn: [linkedin.com/in/Nodseth/](https://www.linkedin.com/in/Nodseth/)

Den 16. mai 2013 kl. 11:31 skrev Tveit Asgeir <Asgeir.Tveit@sekom.no>:

Vi viser til telefonsamtale i dag Tveit/Nødseth. Vi viser til vedlagte brev.

Med helsing

Asgeir Tveit

<image001.jpg>

e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Twitter: @sgrtv

<13.05.16 Tenestetilbud brukar Flora kommune.pdf>

--
Mvh

040/13 OPPFØLGING AV BYSTYREVEDTAK

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 23.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	040/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune, datert 16.05.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 34/13 Oppfølging av bystyrevedtak.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vart lagt fram utan tilråding.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGING AV BYSTYREVEDTAK

Innleiing – Kva saka gjeld

Diskusjon om rutinar for oppfølging av bystyrevedtak.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 13.05.2013 hadde kontrollutvalet oppe sak om oppfølging av bystyrevedtak.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 034/13 Oppfølging av bystyrevedtak:

- *Kontrollutvalet vurderer å innføre fast ordning med oppfølging av bystyrevedtak.*
- *Kontrollutvalet ber om rådmannen sin uttale i saka.*
- *Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å diskutere saka.*

16.05.13 er det skrive brev til Flora kommune der rådmannen er orientert om vedtaket og der ein ber om ein skriftleg uttale om korleis han ser føre seg korleis ei slik ordning kan fungere. Det er ikkje motteke svar frå rådmannen. Rådmannen er kalla inn til saka i møtet.

Sekretariat si vurdering

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune

Førde, 16.05.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 178/13

Arkiv: Flora

RUTINAR OPPFØLGING AV BYSTYREVEDTAK


Kontrollutvalet vurderer å innføre fast rutine med å følge opp at bystyrevedtak vert effektivert.

- Kontrollutvalet hadde opp sak om dette i kontrollutvalet 13.05.2013; sak 034/13 «Oppfølging av bystyrevedtak». Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:
- *Kontrollutvalet vurderer å innføre fast ordning med oppfølging av bystyrevedtak.*
- *Kontrollutvalet ynskjer også oversikt over vakante stillingar.*
- *Kontrollutvalet ber om rådmannen sin uttale i saka.*
- *Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å diskutere saka.*

Vi ber om skriftleg uttale frå rådmannen om korleis han ser føre seg korleis ei slik ordning kan fungere. Rådmannen vil bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å diskutere saka nærare. Neste møte i kontrollutvalet er 27.05.2013.

Innkalling til møtet vil bli sendt ut 22.05.2013.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval: Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

041/13 OVERSIKT VAKANTE STILLINGAR I FLORA KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 23.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	041/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune, datert 16.05.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 34/13 Oppfølging av bystyrevedtak.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet ber om å få tilsendt oversikt over vakante stillingar i Flora kommune.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OVERSIKT VAKANTE STILLINGAR I FLORA KOMMUNE

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 13.05.2013 hadde kontrollutvalet oppe sak om oppfølging av bystyrevedtak.

Kontrollutvalet gjorde bl. a. følgjande vedtak i sak 034/13 Oppfølging av bystyrevedtak:

- *Kontrollutvalet ynskjer oversikt over vakante stillingar.*

16.05.13 er det skrive brev til Flora kommune der rådmannen er orientert om vedtaket og der ein ber om at det vert lagt fram ei liste over vakante stillingar i Flora kommune. Rådmannen er også orientert i brevet om at han vert kalla inn til møtet i kontrollutvalet 27.05.13 for å diskutere saka.

Sekretariat si vurdering

Dersom det skal vere ei fast ordning at kontrollutvalet får oversikt over ledige stillingar i flora kommune, bør det avklarast kor ofte slik oversikt skal leggjast fram for kontrollutvalet.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune

Førde, 16.05.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 179/13

Arkiv: Flora

OVERSIKT VAKANTE STILLINGAR


Kontrollutvalet gjorde i kontrollutvalsmøte 13.05.2013 i sak 034/13 «Oppfølging av bystyrevedtak», bl. a. følgjande vedtak:

- Kontrollutvalet ynskjer også oversikt over vakante stillingar.

Vi ber etter dette om at det vert lagt fram ei liste over vakante stillingar i Flora kommune.

Rådmannen vert kalla inn til møtet i kontrollutvalet 27.05.2013. Evt. spørsmål rundt at kontrollutvalet vil ha tilsendt oversikt over vakante stillinga, vil kunne bli tekne opp i møtet.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

042/13 OPPFØLGINGSLISTE 6-2013 FLORA

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 24.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.05.2013	042/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 6-2013 Flora.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 6-2013 Flora vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 6-2013 FLORA

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 24.05 2013.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Saker som kontrollutvalet ønskjer nærare utgreiing om eller undersøkt, kan takast opp i møtet for evt. oppføring på lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 6-2013 – Flora.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Flora kommune

I kontrollutvalsmøte 29.02.2008 vedtok kontrollutvalet at det fortløpande skulle hentast inn status i saker som det har handsama. Dette er andre statusrapport. Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
011/09 Tiltak - kontrollutvalsarbeid	31.03.09		31.03.09 Vedtak KU – gjennomfør. Orientering frå etatane, Orientering frå revisor Tilsynsrapportar Tertialrapportar Kvalitetsrapportar vedr Flora.
051/12 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar VAR-sektoren	23.05.12	Kommunestyret sine merknader til rapporten skal følgjast opp av kontrollutvalet	23.05.12 Tilråding til bst. 24.05.12 s. bst 04.09.12 Vedtak bst sak 123/12
060/12 Oppfølging bystyret sine merknader til rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune – eigarskapsstrategi.	31.08		31.08.12 Vedtak KU – Kontrollutvalet ber rådmannen om ei skriftleg orientering om korleis ein ligg an i høve til å effektivisere bystyret sitt vedtak i sak 030/12 Rapport om eigarskapskontroll – Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune. 05.09 .12Brev frå sekom til Florar kommune. 12.10.12 Purring på svar på brev av 05.09.12 01.11.12 Svar frå kommunen om at arbeidet startar etter budsjettarb.
73/12 Oppfølging av bystyret sine merknader til rapport etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS.	25.10.12		25.10.12 Vedtak KU – Kontrollutvalet tek info om at arb med eigarskapsmelding vil bli sett i gong straks etter at budsjettarbeidet er ferdig. 01.11.12 E-post frå Flora kommune som stadfester info ovanfor.
78/12 Plan for selskapskontroll 2012-2016.	30.11.12		30.11.12 Tilråding til kst. 30.11.12 s/bst.
013/13 Nettbrett - kontrollutvalet	01.03.13		01.03.13 Vedtak KU - Kontrollutvalet ber om å få tildelt nettbrett på lik line med andre politiske utval. - Kontrollutvalet ber om å få naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett. 04.03.13 s e-post til Flora kommune. 23.05.13 s. epost til Flora kommune.
017/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016.	19.03.13		19.03.13 Tilråding til bst. 25.03.13 s. Flora kommune.
020/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.	19.04.13		19.04.13: Innkalling og sakliste vart godkjent. NL: Ta opp sak om evt innmelding i Transparency International under «Eventuelt».
022/13 Årsrekneskapen Havhesten KF	19.04.13		19.04.13 Tilråding til bst. 22.04.13 s/ Flora kommune.
023/13 Årsrekneskapen Flora Hamn KF	19.04.13		19.04.13 Tilråding til bst. 22.04.13 s/ Flora kommune.
024/13 Årsrekneskapen Innvandrarsenteret KF	19.04.13		19.04.13 Tilråding til bst. 22.04.13 s/ Flora kommune.
025/13 Årsrekneskapen Kjøkkenservice KF	19.04.13		19.04.13 Tilråding til bst. 22.04.13 s/ Flora kommune.
026/13 Val av eining for møte 13.05.13	19.04.13		19.04.13 Vedtak KU Møtet i KU 30.08.13 vert lagt til Furuhaugane omsorgssenter.

029/13 Godkjenning av innkalling og sakliste	13.05.13		13.05.13 Innkalling og sakliste vert godkjent.
030/13 Skriv og meldingar	13.05.13		13.05.13 Vedtak KU – Ad SM 31-13: - Kontrollutvalet ber om å få tilbakemelding når arbeidet med utrekningane av tilskot til dei private barnehagane er ferdige. - Resterande skriv og meldingar vert tekne til vitande.
031/13 Årsrekneskapen 2013 – Flora kommune.	13.05.13		13.05.13 Uttale frå kontrollutvalet. 14.05.13 s/bst
032/13 Årsrekneskapen 2013 – Allhuset Eikefjord	13.05.13		13.05.13 Uttale frå kontrollutvalet. 14.05.13 s/bst
033/13 rolla til kontrollutvalet.	13.05.13		14.05.13 Vedtak KU - Kontrollutvalet ber om å få orientere om rolla til kontrollutvalet i bystyremøtet 17. september 2013. - Jan Fritjof Bernt vert førespurt om han kan stille som føredragshaldar. - Sekretariatet tek kontakt med ordførar og føredragshaldar for å gjere avtalar. - Kontrollutvalet ber om at bystyremøtet vert starta tidlegare enn i utgangspunktet planlagt.
034/13 Oppfølging av bystyrevedtak.	13.05.13		14.05.13 Vedtak KU: - Kontrollutvalet vurderer å innføre fast ordning med oppfølging av bystyrevedtak. - Kontrollutvalet ynskjer også oversikt over vakante stillingar. - Kontrollutvalet ber om rådmannen sin uttale i saka. - Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å diskutere saka.
035/13 Oppfølgingsliste 5-2013 Flora	13.05.13		13.05.13 Vedtak KU – - Kontrollutvalet purrar saka om lese Brett. - Oppfølgingsliste 5-2013 Flora vert elles teken til vitande.
036/13 Eventuelt	13.05.13		13.05.13 Vedtak KU - Nestleiar i kontrollutvalet tok opp spørsmål om handtering av leiar i HSU sitt utspel der vedtak vedrørande ein tenestebukar vart overprøvd. - Kontrollutvalet ber om rådmannen sin uttale. - Kontrollutvalet ber om leiar i HSU sin uttale. - Neste møte vert sett til 27. mai 2013.

Oppdatert 12.04.13

043/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	043/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.